

# Årsrapport 2021 – Samferdselsområdet

Dette er samferdselsområdet sitt bidrag til samla årsrapport for Møre og Romsdal fylkeskommune i 2021

## Del 1: Status for fagområdet i 2021

Fylkeskommunen har utviklings-, utbyggings- og driftsansvar knytt til fylkesvegar, kollektivtransport og tilrettelagt transport for utvalde grupper. Vi skal tilby framtidretta, trygge, pålitelege, behovsorienterte og miljøvennlege samferdselsløysingar for innbyggjarane i Møre og Romsdal. Samferdselsområdet er organisert med to fagavdelingar.

- FRAM kjøper transporttenester innanfor buss, hurtigbåt og fylkesvegferjer, samt har ansvar for skoleskyss, TT-ordninga og bestillingstransport, samt løyvemyndigheit for drosje. FRAM skal sørge for at kollektivtilbodet i Møre og Romsdal vert drifta og utvikla på ein effektiv og god måte.
- Fylkesvegavdelinga har ansvar for utvikling, forvaltning og drift av om lag 3000 km fylkesvegar og utbygging av nye fylkesvegprosjekt i Møre og Romsdal. Avdelinga har eit solid byggherremiljø som styrer kontraktar med entreprenørar innan utbygging og drift av vegnettet.

## Del 2: Økonomi

Samferdselssektoren hadde ei samla driftsramme på om lag 2 085 mill. kroner. Av dette brukte vi knapt 1 238 mill. kroner til kjøp av buss-, båt- og ferjetenester og knapt 605 mill. kroner til drift/vedlikehald av fylkesvegane. Totalt har sektoren eit samla mindreforbruk på om lag 23 mill. kroner (1,1 prosent av total driftsramme).

Pandemien har i stor grad prega arbeidet innan samferdselssektoren gjennom nesten heile året, mellom anna ved at billettinntektene har blitt vesentleg redusert. Inntektstapet i høve vedtatt budsjett var 29 prosent (78,2 mill. kroner) på buss, 3 prosent (11,1 mill. kroner) på fylkesvegferjene og 41 prosent. (13,6 mill. kroner) på hurtigbåtane.

Innanfor samferdselsområdet brukte vi vel 2 mrd. kroner til investeringar. Dei største investeringane skjedde på fylkesvegområdet og der bygging av Nordøyvegen var det klart største prosjektet (1,5 mrd. kroner).

For detaljar viser vi til rekneskapen

## Del 3: Måloppnåing 2021

### Fylkesplanmål for samarbeidsfylket Møre og Romsdal

#### Møre og Romsdal skal....

**S1** utvikle eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom offentlege aktørar, frivilligheit, næringsliv og kulturliv for å følgje opp FNs berekraftsmål

- Samferdselsområdet har gjennomført møter med tre kommunar i 2021 – Molde, Kristiansund og Averøy.
- Samferdselsområdet har arbeida målretta med haldningsskapande trafikktryggingsarbeid, mellom anna i samarbeid med Trygg Trafikk og Politiet. Eksempel på tiltak som er gjennomført i 2021:
  - Samferdselsutvalet har delt ut trafikktryggingsmidlar til Syklistenes Landsforening – Prosjekt synleg syklist 2021 og Glomset idrettslag – støtte til tilrettelegging for gang- og sykkelveg.
  - Delt ut refleksvestar til 5. klassingar.
  - Teatergruppa «Ville veier og vrangle skilt» som inspirerer skolane til å arbeide vidare med t.d kryssing av veg, bruk av hjelm og refleks, bruk av belte på buss m.m. har hatt framsyning på 12 barneskolar i 5 ulike kommunar
  - Støtte til MA Rusfri Trafikk sin ungdomsorganisasjon til reklamefilm på kinoar i fylket og sosiale medium (Instagram og Snapchat) om rusfri køyring – DeathTrip
  - Fylkeskommunen har gitt støtte til at Trygg Trafikk m.a. har gjennomført:
    - Kurs for tilsette i barnehagar
    - Etablert dei første «Hjertesone-skolane» i fylket (Sykkylven og Rauma)
    - Prosjektet «Barn i bil - sitte bakovervendt og riktig sikret»
    - Nettverk for gjennomgang av ny læreplan i valfag trafikk som opnar for meir trafikktryggingsarbeid i skolen
    - Etablert ein kommunikasjonskanal for ungdom i sosiale medium (Instagram og TikTok)
  - FRAM har delt ut om lag 10.000 refleksar i samarbeid med bussoperatørar, trafikkterminalar, enkelte skolar og på fylkeshuset.
- Samferdselsområdet har bidratt til politiske møte med nasjonale aktørar, mellom anna høyringar til Statsbudsjettet, og levert skriftlege innspel til høyringar om kommuneøkonomien.
- Samferdselsområdet har lagt til rette for og gjennomført møte mellom politisk nivå i Møre og Romsdal og Stortingsbenkane i samband med arbeid med Nasjonal transportplan. Det er også gjennomført tilsvarande møte i samarbeid med Trøndelag fylkeskommune.
- Gjennom Vestlandsrådet er det også gjennomført møte med Statsråden om Nasjonal transportplan.
- FRAM har utarbeidd eit FRAMBassadør-program som har som hovudmål å sikre betre samarbeid og rolleforståing mellom FRAM og bussjåførane. Programmet er planlagt gjennomført som fysiske samlingar, og er blitt forsinka av pandemien. Implementering av programmet vil starte i 2022. Programmet vil også bli utvida til å omfatte mannskap på hurtigbåt.
- FRAM har gjennomført den årlege ruteendringsprosessen, med høyringsbrev til kommunar, etter fastsett prosedyre.

- FRAM har gjennomført møte med kommunar der det er planlagt større endringar i kollektivtilbodet.
- FRAM har utvida «Travel like the locals»-tilbodet etter innspel frå destinasjonsselskapa og har bidratt inn i arbeidet med Kystpilegrimsleia med informasjon om kollektivtransport mellom nøkkelpunkta.

### Fylkesplanmål for miljøfylket Møre og Romsdal

#### Møre og Romsdal skal:

**M1** redusere klimagassutsleppa slik at fylket er klimanøytralt i 2030, og bidra til 55 prosent kutt i ikkje-kvotepliktig sektor

- Utslepp frå buss, ferje og hurtigbåt er redusert med 6 890 tonn CO<sub>2</sub> i 2021. Dette er ein større reduksjon enn målet på 6 500 tonn CO<sub>2</sub>.
- Ny rutepakke i Ålesund, Giske og Sula vart starta opp i 2021 med 10 elektriske bussar.
- Det er innført tiltak for å redusere klimagassutsleppa i vegdriftskontraktane, mellom anna krav til redusert utslepp på bilar/maskinar i vinterdrifta og mannskapsbilar, samt krav til årleg rapportering av utslepp frå entreprenørane.
- Det er auka fokus på klima ved produksjon og utlegging av asfalt, både i form av gjenbruk, bruk av lågtemperatur-asfalt og lengre levetid som følge av betre kvalitet.

**M6** førebygge at uønskte hendingar skjer, og ha ein fysisk, digital og organisatorisk infrastruktur som er rusta til å takle klimaendringar og akutte kriser

- Det er gjennomført månadlege beredskapsøvingar slik at vi er godt rusta når dei verkelege hendingane oppstår. Vi har også planlagt og gjennomført fleire øvingar for naudetatane, til dømes ulukker og brann i tunnel.

### Fylkesplanmål for inkluderings- og kompetansefylket

#### Møre og Romsdal skal:

**I1** ha nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer god fysisk og psykisk helse, og er prega av tillit, tilhørslse, tryggleik og tilgjenge

- Det er gjennomført 1 102 ombordintervju og 1 098 webintervju for å måle kundetilfredsheita med kollektivtransporten i fylket.
- Talet på kollektivreiser med buss er redusert med 1,5 prosent samanlikna md 2020, og talet på reiser med hurtigbåt er redusert med 10,9 prosent samanlikna med 2020. Tala viser at kollektivtransporten vart påverka av koronapandemien også i 2021.
- Talet på kollektivreiser (utan skoleskyss) med buss i 2021 er 68,7 prosent samanlikna med nivået i 2019 (før-Korona). I tal gir det 4 mill. reiser i 2021 mot 5,8 mill. reiser i 2019.
- Gjennom fylkeskommunen sin kartlegging av berekraftsindikatorane av Møre og Romsdal som heilheit får tilgjenge til kollektivtilbod ein gjennomsnittsscore på 33-66 prosent, og der variasjon mellom kommunar er liten. Tilgjenge blir målt med talet på innbyggjarar som har tilgjenge til offentleg transport innan 0,5 km frå der dei bur. Målet seier dermed ikkje noko om frekvens, berre avstand til haldeplass.

**I4** ha eit utdannings- og kompetansetilbod som møter behova i samfunnet og fører til inkludering, integrering, verdiskaping, nytenking og livslang læring

- FRAM tilbyr skoleskys i samsvar med gjeldande regelverk.

**I5** ha inkluderande og trygge byar- og tettstader med særpreg, som tilbyr gode bumiljø og offentlege rom, attraktive arbeidsplassar, eit variert kultur- og tenestetilbod, og miljøvennleg transport

- På grunn av Koronapandemien har talet på kollektivreiser i sum gått ned. Det er ikkje gjennomført målingar av kollektivandelar i 2021.
- For fylket som heilheit ser vi at mens biltrafikken i 2021 (all trafikk i tilgjengelege teljepunkt over heile fylket) er om lag på same nivå som i 2019 (99,7 prosent), så er talet på kollektivreiser i 2021 på 66 prosent av 2019-nivået.
- For Bypakke Ålesund var det gjort vedtak om bompengar i Stortinget i juni 2021. Styringsgruppa har vedtatt utbyggingsplanen. Det er i 2021 starta opp planlegging, førebuing og prosjektering av fylkeskommunale prosjekt i bypakken, samt at det er gjennomført eit strakstiltak på kollektiv.
- Fylkeskommunen deltok i treparts-samarbeidet mellom Statens vegvesen, Kristiansund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune. I 2021 vart det gjennomført planlegging, og utarbeiding av fagleg grunnlag for Bypakke Kristiansund.

### Fylkesplanmål for verdiskapingsfylket:

#### Møre og Romsdal skal:

**V1** ha eit omstillingsdyktig næringsliv som grip moglegheitene i det grøne skiftet og opprettheld og styrkar si internasjonale konkurransekraft

- Samferdselsområdet har lagt til rette for og gjennomført fleire møte mellom politisk nivå i Møre og Romsdal og sentrale styresmakter i samband med arbeid med Nasjonal transportplan for 2022-2033.

**V3** vere leiande i arbeidet med å skape lokale og miljøvennlege produkt og tenester, basert på lokale ressursar og lokal kultur

- FRAM har sett i gang eit pilotprosjekt innan bestillingstransport mellom Ørsta/Volda og Ørsta/Volda lufthamn Hovden.

**V4** styrke omstillings- og innovasjonsevna, utnytte digitale moglegheiter og auke bruken av forskning, internasjonalt arbeid og innovative innkjøp

- Samferdselsområdet har blitt med i to nye forskingsprosjekt, ZEVS (Zero Emission Vehicle Services) med TØI i lead, og SUSTAIN (Sustainable and just transport policies in Norwegian medium-sized cities) med CICERO i lead.
- Prosjektet Smartere transport i Møre og Romsdal held planlagt framdrift og vil pågå ut 2022.
- Ved alle innkjøp på kollektivområdet er metodikk for innovative innkjøp vurdert.
- Det er i 2021 fullført to prosjekt om utvikling av nye, innovative måtar å bygge bruer på.

**V5** ha eit transportsystem som er trygt, smart og miljøvennleg, og er tilpassa innbyggjarane og næringslivet sine behov

- Det er asfaltert om lag 200 km fylkesveg i 2021, noko som er nær ei dobling frå 2020 og utgjer om lag 6,5 % av det totale fylkesvegnettet. [Lenke til kart over asfaltparsellar i 2021](#)
- Fylkesvegnettet i Møre og Romsdal omfattar mange tusen ulike vegobjekt, som er viktige og avgjerande for vegens funksjon. Kontroll på tilstand gjennom inspeksjonar er ein viktig føresetnad for å kunne prioritere tiltak for å sikre trygge og framkommelege fylkesvegar. I 2021 er det utført større vedlikeholdstiltak mellom anna på ferjekaiene på fv. 670 Kvanne og Rykkjem, på fv. 60 Ringstadbruene, samt starta bergsikring i Øksendalstunnelen på fv. 62.
- Kvart år gjennomfører vi ulike mindre trafikktryggingstiltak langs fylkesvegnettet. I 2021 har vi m.a. utført tiltak på følgjande strekningar:
  - Fv. 5876 Leinevegen i Herøy kommune
  - Fv. 6234 Røviklivegen i Molde kommune
  - Fv. 6102 Omsundet i Kristiansund kommune
  - Fv. 65 Øye og fv. 6144 Stangvikvegen i Surnadal kommune
  - Fv. 61 Maurstadeidet i Vanylven kommune
  - Fv. 64 Markanes – Klungnes i Rauma kommune
  - Fv. 60 Straumgjerde – Fjellsetra i Sykkylven kommune
  - Fv. 62 Jordalsgrenda – Øksendal i Sunndal kommune
- Skredsikring av Ågothammaren (Eikesdalen i Molde kommune) starta opp i 2021 og er planlagt ferdig i 2022.
- Fylkesvegavdelinga har i 2021 gjort eit omfattande arbeid for å kartlegge og fylkesvegstrekningar som kan opnast for modulvogntog. Ved siste oppdatering av veglista er det opna for modulvogntog på ein rekke fylkesvegar: [Kart - strekningar opna for modulvogntog i Møre og Romsdal](#).
- Fylkesstrategi for samferdsel vart vedtatt i 2021. Strategien legg føringar for korleis fylkeskommunen skal legge til rette for ei transportsystem som tener innbyggjarane i Møre og Romsdal.
- Det er gjennomført justeringar i ferjetilbodet etter innspel frå kommunar og næringsliv. Som til dømes rute 31 Aukra-Hollingsholmen, rute 50 Seivika-Tømmervåg og rute 54 Edøy-Sandvika.

**V6** ha eit mangfaldig arbeidsliv som legg til rette for likestilling og inkludering, og som legg reglar og avtalar i arbeidslivet til grunn

- I Nordøyvegprosjektet er det i 2021 utført 24 460 arbeidstimar av lærlingar.
- For alle vegprosjekt blir det gjennomført inntakskontroll for kvar nye underentreprenør i tråd med seriøsitetsbestemmingar og kontrakt.

## Del 4: Omtale av større prosjekt og satsingar i 2021

### Nordøyvegen

Den sørlege delen av Nordøyvegprosjektet vart opna for trafikk i 2021. 18. desember 2021 vart dermed innbyggjarane på Lepsøya, Haramsøya og Flemsøy/Skuløya landfaste, meir enn eit halvt år før

planen. Då kontrakten med hovudentreprenør Skanska vart signert i desember 2018, låg det til grunn at heile Nordøyvegen skulle opne for trafikk sommaren 2022.

I tillegg til at ein stor del av prosjektet er ferdig, er også alle mengdene i kontrakten låst, slik at Møre og Romsdal fylkeskommune som byggherre har kontroll på økonomien i prosjektet. Med det ein veit i dag, kan prosjektet gjennomførast innanfor den kostnadsramma som Fylkestinget vedtok i desember 2018, korrigert for prisstigninga i perioden.

Resten av Nordøyvegen, med to undersjøiske tunnelar på totalt 9,5 km opnar sommaren 2022, etter planen. Fjørtoftfjordtunnelen (3680 meter) mellom Fjørtofta og Harøya opnar torsdag 16. juni og Nogvafjordtunnelen (5730 meter) mellom Flemsøy/Skuløy og Fjørtofta opnar laurdag 27. august. Då blir det også offisiell opning av heile Nordøyvegen, mellom Harøya og fastlandet.

### **Skredsikring Korsmyra – Indreeide**

Indreeidstunellen på fv. 63 mellom Korsmyra i Stranda kommune og Indreeide i Fjord kommune er under bygging. Tunnelen går forbi 13 skredpunkt på strekinga og vil gje sikrare og meir føreseieleg framkome for innbyggjarar, turistar og næringsliv. Første salve vart sprengt i november 2020, og tunnelen skal etter planen opne for trafikk før vintersesongen 2023/2024. Ved årsskiftet 2021/2022 er om lag 75 % av tunneldrivinga ferdig. Vedtatt kostnadsramme for prosjektet er 840 mill. 2020-kroner.

### **Innovasjonspartnerskap om nye bruløysingar**

Møre og Romsdal fylkeskommune inngjekk i 2020 to avtalar om innovasjonsprosjekt for bygging av bruer i framtida. Prosjektet kom i gang med hjelp av kompetanse frå Nasjonalt program for leverandørutvikling og med økonomisk støtte frå Innovasjon Norge.

Det er Prodtex AS og Aa-Jakobsen AS som har hatt i oppdrag å utvikle nye, innovative måtar å bygge bruer på. Prodtex AS har beskrive korleis ei stålbru kan bli bygd ved hjelp av moderne produksjonsteknologi i lokalt etablerte stålfabrikkar. Samtidig har dei utvikla sveiseteknologi for å vise at laserhybridsveis er betre egna enn tradisjonell MIG-sveis. Aas-Jakobsen AS har laga ein rettleiar for prosjektering og bygging av segmentbru i betong for spennvidde frå 35 til 60 meter. Arbeidet dei har gjort opnar for produksjon av segmentbru i Noreg.

### **Smartare transport**

Prosjekt skal utgreie løysingar for eit framtidretta system for kollektivtransport med autonome og utsleppsfrie passasjerbåtar i byar. Måla for prosjektet er mellom anna å:

- Nytte vassvegen som avlastning til vegnettet
- Bidra til eit framtidretta og fleksibelt kollektivtilbod i byane
- Gi kollektivreisande betre oversikt, mobilitet og brukarvennlegheit
- Skape nærings- og kunnskapsutvikling

Med Ålesund og Kristiansund som utgangspunkt har prosjektet gjennomført transportfaglege analysar og gjort ei grundig kartlegging av status for autonomi til sjøs i dag. Basert på dette grunnlaget har prosjektet arbeidd med ulike fartøykonsept, framdriftssystem, seglingsfrekvensar og –mønster, smarte styringssystem og nødvendig landbasert infrastruktur. Passasjertryggleik, regulatoriske utfordringar og datatryggleik er også viktige tema som blir belyst gjennom dei pågåande aktivitetane i prosjektet.

Prosjektet blir utvikla i samarbeid mellom SINTEF, NTNU, Ålesund og Kristiansund kommune.

## Bypakke Ålesund

Stortinget gjorde i juni 2021 vedtak om bompengar for bypakke Ålesund. Styringsgruppa har vedtatt utbyggingsplanen. I 2021 er det starta opp planlegging, førebuing og prosjektering av fylkeskommunale prosjekt i bypakken, samt at det er gjennomført eit strakstiltak på kollektiv. Det er mellom anna starta planlegging av nytt kollektivknutepunkt i sentrum som har byggjeart i 2023 og planlegging av strakstiltak innanfor trafikktryggleik, sykkel og kollektiv som skal byggast i 2022. Første fylkeskommunale prosjekt i bypakken er og ferdig i løpet av 2021. Det gjeld prioritering av buss i lyskryss. Det er installert einingar i styreskapa til lyskryssa som hentar informasjon frå bussane. Det gjer det enklare for bussen å halde ruta og kan til dømes gi bussen prioritet om han er forseinka.

## Del 5: Satsingar i 2022

- Fylkesvegavdelinga i fylkeskommunen vil i 2022 ha ekstra merksemd på korleis vi kan bidra til å nå fylkesplanmål **M1** om at fylket skal vere klimanøytralt i 2030. Vi vil arbeide med korleis vi kan redusere klimagassutsleppa knytt til drift, vedlikehald og utbygging av fylkesvegnettet.
- Gjennom fylkesplanmål **V5** er det mellom anna eit mål om å vere ein effektiv byggherre, som får mest mogleg «veg for pengane». Fylkesvegavdelinga vil i 2022 intensivere arbeidet med å få fram gode kostnadsestimat i planfase, samt sikre god kostnadskontroll i alle fasar av prosjekta våre.
- FRAM vil arbeide målretta med tiltak for å auke talet på kollektivreiser, både som følgje av koronapandemien og for å auke kollektivandelen. Dette bidreg til fylkesplanmål **I5** om å ha inkluderande og trygge byar- og tettstader med særpreg, som tilbyr gode bumiljø og offentlege rom, attraktive arbeidsplassar, eit variert kultur- og tenestetilbod, og miljøvennleg transport.
- Samferdselssektoren vil ha auka merksemd på innovasjon, og legge til rette for tettare samarbeid med næringslivet. Dette bidreg til fylkesplanmål **V1** om å ha eit omstillingsdyktig næringsliv som grip moglegheitene i det grøne skiftet og opprettheld og styrkar si internasjonale konkurransekraft, samt fylkesplanmål **V4** om å styrke omstillings- og innovasjonsevna, utnytte digitale moglegheiter og auke bruken av forskning, internasjonalt arbeid og innovative innkjøp
- FRAM vil intensivere arbeidet med bestillingsløysing og meir fleksibel transport. Dette bidreg til fylkesplanmål **I1** om å ha eit nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer god fysisk og psykisk helse, og er prega av tillit, tilhøyrsløse, tryggleik og tilgjenge.

## Del 6: Høgdepunkt- «visste du at»

- Visste du at om lag 170 entreprenørar har jobba på Nordøyvegprosjektet i prosjektperioden?
- Vi har meir enn 300 000 bilete av fylkesvegnettet frå 2021. Det vil seie om lag eitt bilete kvar 10. meter av fylkesvegnettet. Vi har 3,2 TB rådata frå fotograferinga.
- Visste du at det er 724 bussjåførarar i Møre og Romsdal som bidreg til at du har moglegheit til å bruke buss?
- Visste du at det vart gjennomført 1 110 avgangar med ferje på kvardagar i 2021 i Møre og Romsdal?

## SAMARBEIDSFYLKET - Møre og Romsdal skal være et føregangsfylke på samarbeid

### Fylkesplanmål for samarbeidsfylket Møre og Romsdal:

<b>S1 Utvikle eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom offentlege aktørar, frivilligheit, næringsliv og kulturliv for å følgje opp FNs berekraftsmål</b>				
<b>Resultatmål</b>	<b>Måleindikator</b>	<b>Mål for 2021</b>	<b>Resultat for 2021</b>	<b>Merknad</b>
Planlegging av vegnett og tilstøytande areal skal gi trafikantane auka tryggleik	Alle kommunale planer på offentleg ettersyn er vurdert opp mot trafikktryggleik og handsama innan frist	100 pst.	100 pst.	Vi gir uttale til alle planer som vedrører samferdsel. Kommenterer, vurderer innsigelse og setter krav om rekkefølge for utbygging.
I samarbeid med andre aktørar skal det skapast gode haldningar til trafikkåtferd gjennom kampanjar og arbeid retta mot spesifikke grupper	Alle tiltak er gjennomført i tråd med politisk vedtatt trafikktryggingsplan for 2021	100 pst	60 pst.	Nokre av tiltaka er forsinka som følge av COVID-19. Dette dreier seg i hovudsak om prosjektet "Barn i bil" for barnehagebarn og gjennomføring av musikkteateret "Ville veier og vrangle skilt".



## MILJØFYLKET - Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr.1

### Fylkesplanmål for miljøfylket Møre og Romsdal:

<b>M1 Møre og Romsdal skal redusere klimagassutsleppa slik at fylket er klimanøytralt i 2030, og bidra til 55 prosent kutt i ikkje-kvotepliktig utslepp av klimagassar</b>				
<b>Resultatmål</b>	<b>Måleindikator</b>	<b>Mål for 2021</b>	<b>Resultat for 2021</b>	<b>Merknad</b>
Redusere klimagass- og miljøskadeleg utslepp frå transportsektoren	Reduksjon på 6 500 tonn CO <sub>2</sub> -utslepp frå forbruk i FRAM sine driftskontraktar på buss, ferje og hurtigbåt	6 500 tonn CO <sub>2</sub>	6 890 tonn CO <sub>2</sub>	Utsleppsreduksjonen fordeler seg som følger:  - Molde-Sekken (nedlagt hurtigbåt): 714 tonn CO <sub>2</sub> - El-busser i Ålesund: 678 tonn CO <sub>2</sub> - Romsdalspakken (innføring av el-ferjer): 5 498 tonn CO <sub>2</sub> - Nordmørspakken (innføring av el-ferjer): 0 tonn CO <sub>2</sub>  Årsaka til det positive avviket frå målet er betre resultat enn forventa frå Romsdalspakken. Nordmørspakken er forseinka.
	98 prosent av køyretøy i vinterdrifta i fylkesvegkontakter frå 2020 er i euro-klasse 6 og STEG IV	98 pst.	97 pst.	For kontraktar med oppstart i 2020 er det krav om Euro 6 på lastebilar og steg IV på traktor/reiskapsbærer/hjullastar som vert nytta under vinterdrift. Samla sett er det 2 av totalt 72 vinterdriftskøyretøy i begge kontraktane som ikkje tilfredsstillar kravet.
Planleggje og utføre pålagde øvingar med naudetatane i handtering av alvorlege hendingar i tunnel	Øvingar er gjennomført i tråd med øvingsplan	100 pst.	100 pst.	12 av 12 planlagde øvingar med beredskapsorganisasjon er gjennomført. I tillegg er det utført nokre korte øvingar på Naudnett.

## **INKLUDERINGS OG KOMPETANSEFYLKET - Møre og Romsdal skal være et attraktivt og mangfoldig fylke der folk vel å bu**

### **Fylkesplanmål for inkluderings- og kompetansefylket**

<b>I1 Møre og Romsdal skal ha nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer god fysisk og psykisk helse, og er prega av tillit, tilhørslse, tryggleik og tilgjenge</b>				
<b>Resultatmål</b>	<b>Måleindikator</b>	<b>Mål for 2021</b>	<b>Resultat for 2021</b>	<b>Merknad</b>
Eit tilgjengeleg kollektivtilbod	Gjennomgang av kollektivindikatorane frå berekraftsindikatorane i U4SSC-kartlegginga i kommunane er gjennomført	100 pst.	100 pst.	Gjennomgangen blei gjennomført 19. november 2021.
God kundetilfredsheit hos kollektivkundar	Ny nullpunktsmåling for kundetilfredsheit for heile fylket er utført	100 pst.	100 pst.	Koronaen har også i 2021 gjort at vi ikkje har kunne intervju som planlagt i alle periodar, men det er gjort totalt 1102 ombordintervju (av 1500 planlagt) og 1098 webintervju (av 1100).  Det er likevel gjort mange nok intervju til at vi har et representativt resultat, og vi regner målet som oppfylt.
<b>I4 Møre og Romsdal skal ha eit utdannings- og kompetansetilbod som møter behova i samfunnet og fører til inkludering, integrering, verdiskaping, nytenking og livslang læring</b>				
<b>Resultatmål</b>	<b>Måleindikator</b>	<b>Mål for 2021</b>	<b>Resultat for 2021</b>	<b>Merknad</b>
Innbyggjarar med rett på skoleskyss har ei god teneste	Årlege opplæringstiltak for skoleskyssansvarlege på skole er gjennomført	3	1	Det var mål om å gjennomføre tre tiltak i 2021:  1. Opplæring på telefon 2. Lage/oppdatere brukarretteiing 3. Opplæringsvideo  Det er gjennomført opplæring per telefon. Dei to andre tiltaka er ikkje gjennomført. Årsaka er at

				redusert kapasitet har ført til nødvendig prioritering av andre oppgaver.
	Skoleskysskort søkt innan frist er klare i løpet av første uke etter skolestart	100 pst.	100 pst.	Skoleskysskort er i rute. Det blei oppretta ei eiga beredskapsgruppe før og under skolestart for å gjere feilrettingar/sørge for straumlinjeforma oppstart. Det var svært få avvik samanlikna med 2020. Det har vore arbeida mykje med kvalitetssikring av løysing for aktivering av skysskort.
<b>I5 Ha inkluderande og trygge byar- og tettstader med særpreg, som tilbyr gode bumiljø og offentlege rom, attraktive arbeidsplassar, eit variert kultur- og tenestetilbod, og miljøvennleg transport</b>				
<b>Resultatmål</b>	<b>Måleindikator</b>	<b>Mål for 2021</b>	<b>Resultat for 2021</b>	<b>Merknad</b>
Auke kollektivandelen i Ålesund til 15 prosent, i Molde og Kristiansund til 10 prosent, innan 2030, samt auke andelen som går og sykklar	Kollektivtransporten har 10 prosent årleg passasjervekst etter at koronarestriksjonane er avslutta	10 pst.	-3 pst.	Det var i 2021 framleis nasjonale og regionale tiltak på grunn av COVID-19. Statistikken gjeld buss og hurtigbåt ekskl. skoleskyss. Buss: -1,5 % samanlikna med 2020 og hurtigbåt: -10,9% samanlikna med 2020
	Lokalpolitisk vedtak om bypakke i Kristiansund er gjort	100 pst.	30 pst.	Vedtaket blei ikkje fatta i 2021 på grunn av innsigelse til traseval for "Kråkhaugen". Denne var til behandling i KDD i 2021. Det vart signalisert at vedtak kunne komme hausten 2021, men dette skjedde ikkje.  KDD fatta vedtaket i januar 2022, og førebuande arbeid med fagleg grunnlag er i gang.
	Arbeidet med bypakke Ålesund har starta opp	100 pst.	100 pst.	Det er starta opp planlegging, førebuing og prosjektering av prosjekt i bypakken. Det er gjennomført eit strakstiltak på kollektiv i 2021. Det er gjort vedtak om bompengar i Stortinget og styringsgruppa har vedtatt utbyggingsplan.

## VERDISKAPINGSFYLKET - Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein innovativ offentleg sektor

### Fylkesplanmål for verdiskapingsfylket:

<b>V1 Møre og Romsdal skal ha eit omstillingsdyktig næringsliv som grip moglegheitene i det grønne skiftet og opprettheld og styrkar si internasjonale konkurransekraft</b>				
<b>Resultatmål</b>	<b>Måleindikator</b>	<b>Mål for 2021</b>	<b>Resultat for 2021</b>	<b>Merknad</b>
Legge grunnlaget for vidare utvikling av den maritime industrien i Møre og Romsdal, basert på bygging av grønne skip og ein infrastruktur for utsleppsfrie drivstoff	Fire møte med nasjonale styresmakter om samferdselsløysingar i Møre og Romsdal	4	4	Fire møter totalt. To møter om NTP med stortingsbenker, eit av møta i regi av samarbeidsforum samferdsel Møre og Romsdal, eit i samband med nyttårskonferansen. Vestlandsrådet har hatt to møter møte om NTP med statsråd 16. mars, og transportkomiteen 4. mai.
<b>V3 Møre og Romsdal skal vere leiande i arbeidet med å skape lokale og miljøvennlige produkt og tenester, basert på lokale ressursar og lokal kultur</b>				
<b>Resultatmål</b>	<b>Måleindikator</b>	<b>Mål for 2021</b>	<b>Resultat for 2021</b>	<b>Merknad</b>
Tilby fleire tenester ut frå eksisterande kollektivtilbod	Skolebillett medfinansiert av kommunane, som gir skoleelevar full tilgang til all kollektivtransport på dagtid, er innført	950	345	Målet for året var basert på at vi skulle få med fleire kommunar enn dei to testkommunane Kristiansund og Averøy. Årsaka til avviket er at vi ikkje kan ta inn fleire kommunar i prosjektet før vi har nytt billetteringsystem med ein meir automatisert bestillingsløysing. Inntekta i 2021 blir derfor inntektene frå dei to kommunane som er med i prøveprosjektet.
	Incentivordning som til dømes månadskort for nye innbyggjarar, er innført	Ja	Ja	Vidareført i Ålesund kommune. Endra til FRAM student i staden for ein områdebillett, noko som gir dei som får kortet moglegheit til å reise fritt med buss, hurtigbåt (og ferje) i heile fylket. Det har ikkje vore i dialog med andre kommunar.

	Produkt tilpassa kulturarrangement, reiseliv og anna næringsliv, er innført	Ja	Delvis	"Travel like the locals" er vidareført og vidareutvikla med nye turar i samarbeid med mellom anna destinasjonsselskapa og kulturavdelinga. Kulturarrangementer er satt i bero som følge av COVID-19.
<b>V4 Møre og Romsdal skal styrke omstillings- og innovasjonsevna, utnytte digitale moglegheiter, og auke bruken av forskning, internasjonalt samarbeid og innovative innkjøp</b>				
<b>Resultatmål</b>	<b>Måleindikator</b>	<b>Mål for 2021</b>	<b>Resultat for 2021</b>	<b>Merknad</b>
Utvikle nye transporttenester	Arbeidspakke WP4 Sikkerheit og beredskap i Smartere transport er slutført	100 pst.	66 pst.	SINTEF har slutført rapporter for aktivitetane A4.1 Cyber security og A4.3 Sikre transportløyningar. Prosjektet har gitt SINTEF utsetting på levering av rapport i aktivitet A4.2 Regulatoriske utfordringer til juni 2022 da denne har avhengigheiter til A2.1 Fartøyskonsept, A2.3 Fremdrifts- og energisystem og A2.4 Dokking, ombordstigning og evakuering som blir slutført Q1 2022.
	Deltatt i ytterlegare minst eitt forskingsprosjekt	1	2	"Prosjektet ZEVS (Zero Emission Vessel Services), som er retta mot hurtigbåtar, fekk finansiering frå forskingsrådet. Møre og Romsdal er deltakar, og TØI er leiar av prosjektet. Oppstartsmøte var over nyttår 2021.  Prosjektet SUSTAIN, som handlar om utvikling av berekraftig og rettferdig transportpolitikk i mellomstore norske byer, fekk finansiering frå Forskningsrådet i juni 2021. MRFK deltek saman med Ålesund og fire andre fylke/byar. Oppstarten av prosjektet var i desember 2021 og det vil vare til 2025.

	Minimum 4 innovasjonsprosjekt knytt til mobilitet, produktutvikling og delte transportløsinger er initiert og utvikla	4	0,7	Det pågår prosesser med hhv. Sundbåten, Flyt Solutions, Ambulansebåt Søre Sunnmøre og Ålesund parkering Moa. Målet er ikkje realisert grunna COVID-19 og kapasitetsutfordringar.
	Ny bestillingsløsning for bestillingstransport er implementert			Dette er framleis under arbeid. Billettsystemet er forseinka og blir lansert i 2023. Avtale om bestillingsverktøy FRAM Svipp inngått som del av OOS ifbm. nytt billettsystem. Pilot Ørsta/ Volda er i gang.
Ha kunnskap om, medverke til teknologiutvikling og bruke gode, og rimelege metodar for bruer over 40 meter	Prosjektet med innovasjonspartnerskap knytt til utvikling av nye bruer er ferdigstilt	100 pst.	100 pst.	<p>Prosjektet er ferdig. Rapport er levert til Innovasjon Norge.</p> <p>Aas-Jakobsen AS: Utvikling av "Veileder for prefabrikkering av segmentbruer i betong". Rapport er ferdig, godkjent i Vegdirektoratet og publisert som SVV-rapport.</p> <p>Prodtex AS: Utvikling av heilautomatisert produksjon av prefabrikkerte bruelement i stål ved bruk av robot og lasersveis og laserhybridsveis. Rapport er ferdig. Sveiseprosedyre for buttsveis av 12 og 15 mm stålplater med laserhybrid er utarbeida og godkjent.</p>
	Metodikk for innovative innkjøp er vurdert ved alle utlyste anbod på samferdselsområdet	100 pst.	90 pst.	Metode for innovativt innkjøp er vurdert for fleire anbod av både FRAM og vegdrift. Dei siste seks månadane er dette også vurdert for dei største vegprosjekta.

<b>V5 Møre og Romsdal skal ha eit transportsystem som er trygt, smart og miljøvennleg, og er tilpassa innbyggjarane og næringslivet sine behov</b>				
<b>Resultatmål</b>	<b>Måleindikator</b>	<b>Mål for 2021</b>	<b>Resultat for 2021</b>	<b>Merknad</b>
Ny fylkesstrategi for samferdsel i Møre og Romsdal	Fylkesstrategi for samferdsel er vedtatt av fylkestinget	100 pst.	100 pst.	Vedtatt.
Ferjetilbodet skal vere tilpassa reelle behov og statlege tilskot	Det er gjort tilpassingar i ferjetilbodet som sparar inn 20 millionar kroner	20	20	Innsparingane gjort til 1. januar 2021. Vedtak i SA-21/21 reverserte innsparinga med 5 mill. kroner. Nokre avgangar er difor satt inn igjen.
Revidere plan for å innfri lovpålagte krav etter tunnelsikkerhetsforskrifta	Plan for vidare arbeid med tunnelsikring i samsvar med tunneltryggleiksforskrifta er revidert.	100 pst.	95 pst.	Det er gjort en revisjon i samband med investeringsprogrammet. Det er meldt inn kostnader i investeringsprogram 2025-31. Ny plan er lagt opp m.o.t. ferdigstilling innan 2030. Det er planlagt å kome i gang med dei første tunnelane i løpet av 2022. Grunna manglande avklaring frå Samferdselsdepartementet på utsett first for ferdigstilling til 2030 blir resultat sett til 95 %
Oppdatert kunnskap om status for ulike vegobjekt	Tunnelar, bruer, kaier og konstruksjonar er inspisert i samsvar med inspeksjonsplan	100 pst.	100 pst.	Alle planlagde inspeksjonar er gjennomført.
Tilpasse ferjekaiene på fylkesvegnettet til materiellet i dei nye ferjeanboda	Arbeid med tilpassingar av ferjekaiar er utført i tråd med plan	100 pst.	90 pst.	Det er starta opp planlegging og prosjektering for Eidsdal - Linge med mål om ferdigstilling haust 2023 iht. plan. I 2021 var det lyst ut konkurranse for bygging av Åfarnes - Søsnes, og det er mål om ferdigstilling haust 2023 iht. plan. Larsnes - Voksa - Kvamsøy - Åram er underplanlegging, men prosjektering er ikkje i gang enno. Her ligg vi nokre mnd. etter plan, men ferdigstilling haust 2024 står fast.

**V6 Møre og Romsdal skal ha eit mangfaldig arbeidsliv som legg til rette for likestilling og inkludering, og som legg reglar og avtalar i arbeidslivet til grunn**

<b>Resultatmål</b>	<b>Måleindikator</b>	<b>Mål for 2021</b>	<b>Resultat for 2021</b>	<b>Merknad</b>
Godt kvalitetssystem for kontraktar i samferdselssektoren	Utarbeide kvalitetssystem for kontraktar i 2021	100 pst.	20 pst.	FRAM har starta arbeidet med å kartlegge behovet for kontraktoppfølgingsverktøy. FRAM hadde midler i 2021 til å utvikle et driftavvikssystem, men dette arbeidet er ikkje satt i gang. Sektornivået har ikkje hatt kapasitet til å jobbe med dette i 2021. Fylkesvegavdelinga nyttar framleis eit kvalitetssystem frå SVV.